

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

EIGARINNSKRIFTER. a. Merkelappar.

[**783**] N-29076 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 150, 156; 1988b: 22; 1988c: 48, 54, 60; 1990b: 18, 21, [40]; Seim 1989: 336 1991b: 26; NIyR VI, 129, omtala som A152; Christophersen 1998: 27).

Innskrifta står på eit etter måten lite eigarmerke av tre, 43 mm langt, 17 mm breitt på det breiaste og 6-7 mm tjukt. Merket har eit enkelt innsnitt som gir det ein "hals" eller eit "skaft" i forlenginga av skriveretninga for innskrifta. Det vart funne i felt FF i 1975 i hovudfase 8, som arkeologisk kan daterast til tida mellom om lag 1225 og 1275.

Runene er skorne på ei av breisidene og byr ikkje på problem med omsyn til lese måte. Innskrifta fyller ut den breiaste delen av merket og er 19 mm lang. Runene er 17 mm høge. R. 1 (binderune med **ᚱ**) har open boge. R. 3 har eit merke i veden som kan sjå ut som ei punktering. Nærare ettersyn viser likevel at dette ikkje kan vera gjort av menneskehand.

ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ

ar n i a

Árni á. 'Arne eig'.

Innskrifta skil seg frå N782 ved at ho har binderune initialt. Elles har ho ingen merkeformer som motseier den arkeologiske dateringa. *Árni* er ved sida av *Gunnarr* det mest frekvente mannsnamnet på merkelappane frå Bryggen i Bergen og frå Trondheim samla sett. Det er til saman 7 belegg på kvart av desse to namna.